

HNU er Høyanger kommune sitt nærings- og tiltaksapparat. Selskapet er eit bindeledd mellom næringsliv og det offentlege, og arbeider både breitt og tett opp mot eksisterande verksemder og etablerarar. For meir informasjon, sjå hnu.no.

Prosjektleder/forretningsutviklar

Høyanger Næringsutvikling AS (HNU) søker etter prosjektleder/forretningsutviklar i eit 3-årig engasjement.

Bakgrunn

HNU har over tid hatt ansvar for drifting og utvikling av Høyanger Næringspark, og spelar ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikle aktiviteten i næringslokala til Leira Næringspark. Desse fleksible og framtidssretta næringslokala i Høyanger tettstad er på om lag 30 000m², med potensial for utviding.

Det er for tida eit sterkt fokus på sirkulærøkonomi og det grønne skiftet i Høyanger, og etableringar og prosjekt knytt til desse stikkorda. HNU ønskjer som eit ledd i denne satsinga å tilsette ein nøkkelperson som kan arbeide med å få på plass meir berekraftig industri- og næringsaktivitet i dei ovanfor nemde lokala.

Hovudarbeidsoppgåver

- Drifting og utvikling av Høyanger Næringspark og Leira Næringspark.
- Aktivt salsarbeid med mål om å tiltrekke seg fleire leigetakarar/verksemder.
- Prosjektstyring.
- Andre oppgåver etter nærare avtale.

Eigenskapar vi ser etter

- Du er salsorientert og har evne til å finne framtidssretta prosjekt/verksemder som har eit etableringspotensiale i Høyanger.
- Du har gjennomføringsevne og kan jobbe strukturert og målretta.
- Du har høgt engasjement og stort pågangsmot.
- Du har gode skriftlege og munnlege framstillingsevner på norsk og engelsk.
- Du har god kjennskap til utviklinga innan sirkulærindustri og det grønne skiftet.

Kompetansekrav

Det er ingen formelle krav til stillinga, men relevant høgare utdanning og/eller erfaring med prosjektutvikling er eit føremon. Skaparevne og teft for forretningsutvikling vil vege tungt i vurderinga av kandidatar til stillinga.

Gode pensjons- og forsikringsordningar. Løn etter avtale. Tiltreding snarast.

Søknadsfrist: 20. desember 2020

Søknad kan sendast på e-post til terje@hnu.no.

**Kontakt; Styreleiar Petter Sortland tlf 91 16 45 46 eller
Næringsssjef Terje Søreide tlf 95 19 84 51**